

Økonomiforum 11.11.2014

- Mentorordning: Det vart orientert litt om tanken med mentorordninga; at den er modellert etter ordninga som studienettverket ved fakultetet har, og at tanken er at mentor er tilgjengeleg for spørsmål og hjelper med å finne dei rette kursa, evt. melde inn behov for ekstrakurs. Vidare vart det informert om at Aase ved KI vil vere mentor for Helen ved MI og Marianne ved GFI for Quynh-Giao ved GFI. Dei som ikkje er fullt så nye blei bedt om å melde frå til fakultetet om dei kjenner behov for mentor.
- Aase og Helen vil samarbeid om å utarbeide sjekkliste for kva ein bør tenke på ved tilsetting av ny økonomikonsulent.
- Møte mellom Lønnskontoret og variabellønnsattestanter (VLA) ved fakultetet: Det har kome forespørsel frå Lønnskontoret om møte med VLA ved fakultetet. Tidspunkt for møtet vart diskutert, og det vart konkludert med å avvente til fristane for budsjettering kjem frå UiB sentralt.

Del 1: TDI – Felles driftsmidlar

TDI og leigestadar – felles driftsmidlar: MBI si utrekning av leigestadspris vart brukt som døme. Felles driftsmidlar har ikkje vore eit stort problem å finne, og dei fleste har tatt utgangspunkt i rapport «S11 Artsregnskap» og brukta rapport «D22 Bilagsdetaljer» for å finne meir detaljar. Somme har felles driftsmidlar på eige analysenummer, og det vart påpeikt at ein kanskje i framtida bør vurdere å organisere budsjett og rekneskap slik at det er lett å hente ut felles driftsmidlar for den enkelte leigestaden. Det vart påpeikt at ein ikkje berre kan filtrere på artsgruppene 64 og 65, og konkludere med at det er felles driftsmidlar, men at ein må gå grundig gjennom og luke ut driftsmidlar som ikkje er til felles bruk, eller som er dekka inn av indirekte kostnad, som kontorrekvisita. Vidare vart det påpeikt at ein må ein sjå på om det er føringar på andre artar som bør reknast med, og honorar knytt til vaktordning for utstyr ved BIO vart nemnt som døme. Enkelte har rekna driftsmidlar som eit snitt over fleire år, pga. vedlikehaldsavtalar som fører til store kostnadar enkelte år. Det var einighet om at det kan vere eit alternativ, men at ein ikkje bør gjere det på denne måten med mindre det er særlege grunnar til å gjere det, sidan det er meir arbeidskrevjande.

Del 2: Rutinar og malar – budsjett:

- Fakultetet viste malar for budsjettering av fastlønn for 2015, som no ligg på wiki, og viste korleis desse er tilpassa for å ta omsyn til TDI-modellen. Vidare vart det informert om at oversikt over tilsette vil bli sendt ut snart, og at ein vil prøve å finne tid til ein meir grundig gjennomgang av fastlønnsmalane på økonomiforum etter at desse er sendt ut. Det vart også informert om at B3-malane er så godt som klar, og vil verte lagt ut på wiki så snart dei er kvalitetssjekka.
- Fleire av institutta bruker ein mal for oversikt over innbetalingar på BOA som vart sendt ut i 2011, og BIO har også ført oversikt over gjennomstrømningsmidlar i same mal. Det var einigkeit om at denne malen kan vere nyttig, og at den skal leggast ut på wiki. I fyrste omgang vil den bli lagt ut, med merknad om at den er lagt ut for testing, og at institutta blir bedt om å melde tilbake

problem ved bruk av malen og forslag til forbedringar, etter bruk. Innspelet til arbeidsgruppa på dette punktet vert truleg at malen vert testa ut, og at ein etter bruk vil vurdere å gjere tilpassingar på malen, og evt. sende innspel til sentraladministrasjonen med ønske om tilsvarande rapport tilgjengeleg i Discoverer.

- Vidare kom det ønske om å sende innspel til sentraladministrasjonen om at det hadde vore ønskeleg at institutta vart informert når det vert sendt faktura på BOA, som det allereie vert gjort for EU-innbetalingar.
- Sjekkliste for budsjettering vart diskutert, og det var einigkeit om at det kunne vore nyttig. Malene og Tine skriv ned fakultetet sine sjekkpunkt, og supplerer evt. med punkt på MOF sine sjekklister, som fakultetet fekk tilsendt i samband med arbeidet med budsjettet for 2014. Det var einigkeit om at sjekklista gjerne kan vere oppbygd på same måte som sjekklista i budsjettretteliaren dei brukar ved MOF, oppdelt i korleis ein skal tenke når ein budsjetterer, krav til budsjettet, og anbefalingar.
- Det vart ytra ønske om at artane i fastlønnsmal og mal for periodisering av budsjett, begge utarbeida av sentraladministrasjon, var organisert likt, slik at ein kunne lime direkte inn. Dette innspelet er sendt vidare til ØA via telefon.
- Ved budsjettering i PA opplever ein at feilmeldingar først dukkar opp når budsjettet er sendt til basisbudsjettering av kontorsjef. Feilmeldinga skuldast oftast at avtalen ikkje er oppdatert i forms. Dette fører til meir arbeid pga. at kontorsjef då må returnere, og økonomikonsulent må inn å rette opp og sende budsjettet på nytt. Enkelte meinte at det var økonomikonsulent som fekk opp feilmelding når UiB først starta med PA, og det vart einigkeit om å sende innspelet vidare til sentraladministrasjonen.

Rutinar og malar - diverse

- Det vart ytra ønske om å sende innspel til sentralt angåande å få ein fungerande søkemotor i Basware IP. Helst før oppdatering av systemet neste veke.
- Det vart etterlyst at informasjon (rutinar etc.) sendt på e-post frå innkjøp, lønn etc. også er tilgjengeleg på nettsida. Ny rutine for Berg-Hansen og rutine for arkivering av reiserekningar vart nemnt som døme. Det er sendt e-post til Innkjøpskontoret med spørsmål om rutinen for Berg-Hansen er tilgjengeleg på nett.
- Det vart opplyst i møte om at det er mogeleg at det vert litt endring i rutinane for arkivering av reiserekningar. Lønnskontoret har vedkjent at einingane bør behalde bilaga i meir enn eitt år, og at dei vil sende ut e-post om det. Vi vil derfor avvente å legge informasjon om dette på wiki.
- Somme av økonomikonsulentane meiner det er tungvint å finne informasjon om fråvær og kontering for lønn til den enkelte, og ønsker tilgang til denne informasjonen i Personalportalen. Det var usikkerheit om dette vert avgjort av Lønnskontoret eller administrasjonssjef, og det er sendt spørsmål til Lønnskontoret om dette er noko som det er mogeleg å endre. Er det mogeleg, vil vi kome tilbake til diskusjonen. Tilgang til tilsvarande informasjon i ePhorte vart også nemnt. Somme av institutta har ordning på at økonomikonsulentane har tilgang til den personalinformasjonen dei har behov for her (ikkje sensitiv informasjon), medan andre ikkje har det og opplever det som tungvint. Her var det einigkeit om at dette er noko ein må ta opp med administrasjonssjef. D22 Bilagsdetaljer vart nemnt som alternativ, og det vart påpeikt at ein ved å sjå på GL-samleprosjekt 699992 kan finne både PA- og GL-kontering.

- Økonomikonsulentane ved institutta etterlyste ein mal for endring av kontering av fastlønn frå fakultetet, samt tilbakemelding når endringa er gjort.
- Fellesområde på p-området finst ved dei fleste institutta, men ikkje alle vil bruke det. Fleire av dei nytilsette er ikkje kjent med at dette finst, sjølv når det er i bruk.
- Det vart også stilt spørsmål til om prognosemal GB er utarbeida av fakultetet eller sentraladministrasjon, og denne informasjonen er no lagt på wiki.